



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Boge, Jan Erik	Arkivkode: FE - 082
Arkivsaksnr: 15/878	Løpenr: 17/9189
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	19.10.2017	040/2017
Kommunestyret	16.11.2017	041/2017

Godtgjersle til politisk valde i 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

Dokument som er vedlagt:

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune

Godtgjersle folkevalde Fusa

Godtgjersle folkevalde Kvam

Godtgjersle folkevalde Osterøy

Godtgjersle folkevalde Vaksdal

19.10.2017 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Administrasjonen hadde til møtet henta inn informasjon om godtgjersle for folkevalde i nokre av nabokommunane. Det vart innleiingsvis i saka orientert om kva godtgjersle desse kommunane har.

Øyvind Røen (SP) sette fram følgjande framlegg:

"Ordførargodtgjersla vert endra til 80% av godtgjersla til stortingsrepresentantane. Opptrappingsplan over 2 år. 50% av differansen skal hentast inn 1. januar 2018 og resten 1. januar 2019. Ordførargodtgjersla skal etter dette regulerast 1. januar kvart år."

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg:

"Som Øyvind Røen sitt framlegg, men utan opptrappingsplan over 2 år. I tillegg vert varaordførargodtgjersla auka til 6% av ordførargodtgjersla og møtegodtgjersla til folkevalde til 3‰ av ordførargodtgjersla."

Monica Tjønnå (SP) sette fram følgjande framlegg:

"Som Arild Røen sitt framlegg, men møtegodtgjersla til folkevalde vert auka til 2‰ av ordførargodtgjersla".

Odd Arne Haga (FRP) sette fram følgjande framlegg:

"Som Arild Røen sitt framlegg, men møtegodtgjersla til folkevalde skal framleis vera 1‰ av ordførargodtgjersla".

Etter å ha debattert saka vidare trekte Øyvind Røen, Arild Røen og Odd Arne Haga framlegga sine. Formannskapet slutta seg samrøystes til Monica Tjønna sitt framlegg til vedtak.

FORM- 040/2017 Vedtak:

Ordførargodtgjersla vert endra til 80% av godtgjersla til stortingsrepresentantane med verknad frå 01.01.2018. Ordførargodtgjersla skal etter dette regulerast 1. januar kvart år. Varaordførargodtgjersla vert endra til 6% av ordførargodtgjersla med verknad frå 01.01.2018. Møtegodtgjersla til folkevalde vert endra til 2‰ av ordførargodtgjersla med verknad frå 01.01.2018."

16.11.2017 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kommunestyrerepresentantane diskuterte saka.

Olaug Øystese (A) hadde eit ønskje om å få ei oversikt over kva for møter utbetalinga av godtgjersle gjeld for. Administrasjonen tek dette til etterretning og vil senda ut ei slik oversikt til den enkelte ved neste utbetaling.

Kommunestyrerepresentantane diskuterte saka, og formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 041/2017 Vedtak:

Ordførargodtgjersla vert endra til 80% av godtgjersla til stortingsrepresentantane med verknad frå 01.01.2018. Ordførargodtgjersla skal etter dette regulerast 1. januar kvart år. Varaordførargodtgjersla vert endra til 6% av ordførargodtgjersla med verknad frå 01.01.2018. Møtegodtgjersla til folkevalde vert endra til 2‰ av ordførargodtgjersla med verknad frå 01.01.2018.

Kva saka gjeld:

Etter pkt. 1 og 2 i *Reglement for godtgjersle til folkevalde i Samnanger kommune* har formannskapet ansvar for å vurdera godtgjersla til ordføraren og varaordføraren kvart år.

Dersom

formannskapet meiner at godtgjersla til ein eller begge av desse bør endrast, må det fremjast sak til kommunestyret om dette.

Vurderinga av ordførargodtgjersla skal etter reglementet gjerast seinast 1. oktober. Det er ikkje fastsett nokon tidsfrist for vurderinga av varaordførargodtgjersla. Ingen av desse vurderingane har vore gjort til no i 2017.

Ordførargodtgjersle

Ordførargodtgjersla er i 2017 på 699.200 kroner. Utviklinga i godtgjersla har dei siste åra vore som følger:

- 699.200 kroner i 2017
- 680.000 kroner i 2016
- 650.000 kroner i 2015
- 594.700 kroner i 2014
- 587.600 kroner i 2013
- 565.000 kroner i 2012
- 505.000 kroner i 2011

Kommunestyret vedtok i 2015 (sak 042/15) at ambisjonen er at ordførar og rådmann skal ha lik løn i 2019. Det bør avklarast om dette framleis er kommunestyret sin ambisjon. Rådmannen si årsløn er pr. i dag 945.000 kroner.

Varaordførargodtgjersle

Frå og med 2012 vert varaordførargodtgjersla regulert med same prosentsats som ordførargodtgjersla, jf. vedtak i kommunestyret i sak 067/11. Det vart gjort unnatak frå dette i 2017, jf. kommunestyret sitt vedtak i sak 093/16 om å innføra frys i godtgjersla for politisk valde for 2017 (med unnatak av for ordførar). Varaordførargodtgjersla i 2017 er på 39.900 kroner.

Regulering av godtgjersle til andre folkevalde i kommunen

Etter Samnanger kommune sitt reglement skal møtegodtgjersle og godtgjersle til leiarar av utvala reknast i prosent av ordførargodtgjersla. Det vil seia at desse godtgjerslene vert regulert med same prosentsats som ordførargodtgjersla. Det vart gjort unnatak frå dette i 2017, jf. kommunestyret sitt vedtak i sak 093/16 om å innføra frys i godtgjersla for politisk valde for 2017 (med unnatak av for ordførar). På grunn av dette vedtaket er satsane for møtegodtgjersle og godtgjersle til leiarar av utvala i 2017 ikkje heilt i samsvar med prosentsatsane som står i punkt 3.1, 3.2 og 4.1 i reglementet for godtgjersle til folkevalde i Samnanger. Kommunestyret bør ta stilling til om prosentsatsane i reglementet skal brukast igjen i 2018, eller om det eventuelt skal gjerast endringar i reglementet.

Årslønsvekstramme i det sentrale lønsoppgjeret i kommunal sektor i 2017

Kommunesektorens organisasjon (KS) opererer med ei økonomisk ramme for lønsoppgjeret i 2017 på 2,4%. Forventa ramme for 2018 vil truleg liggja på rundt 2,5%.

Vurderingar og konsekvensar:

Det er opp til politisk nivå i kommunen å ta stilling til om godtgjersle til politisk valde skal aukast i 2018, og kor stor auken i så fall skal vera. Formannskapet må mellom anna vurderer om det skal fremjast sak til kommunestyret om auke av godtgjersla til ordførar og varaordførar, jf. punkt 1 i kommunen sitt reglement for godtgjersle til folkevalde.

